

Etter jakta møte

Kl 1900, 24.02-2023

Møte avhalde i lokalet til Vanylven jeger og fiskeforeining på Lilleeide Skytebane

Det var godt oppmøte, 21 personar totalt med representantar frå 11 av totalt 18 jaktfelt.

Referat frå møtet:

Jaktleiar Aksel startar møtet med ein presentasjon av statistikk frå hjortejakta 2022.

Det ble lagt fram, tal frå jakta 2022 samt samanlikning frå tidligare år.

Vi gjekk ei runde med erfaring om jakta 2022, der jaktfelta fekk fortelje om sine opplevelser av årets jakt. Det vart felt mindre hjort i starten av jakta en forventet i dei fleste jaktfelt på grunn av lite sett hjort på dyrka mark. Dette har også vært tilfelle i dei andre jaktvalda i kommunen samt andre kommunar på kysten.

Det vart diskutert litt kva som kunne være årsakene til dette.

- Sein slott for bøndene, sparsam med kunstgjødsel, samt sein spreiding med kumøkk av dyrkamark?
- Mykje mat i fjellet til hjorten?
- Naturlig syklus i naturen?

Vårteljing i år blir viktig med tanke på tildeling av årets kvote. Dersom den syner ein markant nedgang blir kvota for 2023 redusert.

Vi planlegg også eit møte med dei andre Utmarkslaga for å hauste erfaring for best mogleg forvaltning.

Jaktleiar var svært nøgd med innrapportering i "Sett og Skutt" portalen. Enkelte jaktfeltleiarar har teke stort eigarskap til at dette blir gjort av jegerane på jaktfeltet.

De vart og gitt skryt til jegerane for den lave terskelen til å kontakte, ettersøk ekvipasje, ved avløyst skudd utan fall.. noko som jaktleiar og styre ser på som en svært positivt.

Vi vil oppfordre alle jegerar til og være aktive med praktisk skyte trening.

Kanskje dei obligatoriske 30 skudd ikkje er tilstrekkeleg?

Det vart i 2022 innmeldt 15 ettersøk.

Det vart og nemnt att vi bør ha høg fokus på sikkerheit i alle jaktsituasjonar, da med tanke på sikker bakgrunn, plassering av postar, sikkerheits sektor på 60 grader til begge side, samt reglar i forhold til jakt i nærleiken til offentleg veg.

Politiet har søkelys på Våpen lagring og handtering. Oppfordrar alle som eig våpen til å lese seg opp på krava i forhold til våpenlova og forskrift til denne. Det vil i tida framover også være høg fokus på sikkerheits reglar på standplass, husk at sluttstykke ikkje skal være montert i våpenet ved transport.

Og det er opp til kvar enkelt våpeneigar, og kjenne til regler i for oppbevaring, og transport av våpen.

Styre vil takke alle for oppmøte.

Møte vart avslutta :kl 2040